



## Nynorsk kultursentrum

Til ein del stiftarar

Vår referanse: 125-294 OG

Hovdebygda, 21. oktober 2015

### Oppnemning til rådet i Nynorsk kultursentrum

Vi set stor pris på at dykkar institusjon er med i arbeidet vårt, og vi ser fram til vidare god kontakt og målretta samarbeid!

Ved årsskiftet 2015–16 går oppnemningane dykkar til rådet for Nynorsk kultursentrum ut. Vi bed om oppnemning frå dykk for perioden 2016–2017/2019 innan 20. desember i tråd med retningslinjene og informasjonen nedanfor. Dette brevet går til 11 stiftarar, jf. liste til slutt i brevet.

Nynorsk kultursentrum blei nyleg kåra til *Årets museum 2015*. Den æra eig også rådsmedlemene i, for det er summen av arbeid i råd, styre og stab som gjer oss til det vi er.

#### Oppgåver, saker og ansvar

Den viktigaste oppgåva for rådet er, som det står i § 6 i vedtektene, å «sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet». Kulturdepartementet har no til godkjenning nokre mindre endringar i vedtektene som mellom anna gir rådet avgjerdsmynde i alle spørsmål som gjeld godtgjersle for verv i Nynorsk kultursentrum.

Rådet har oppe mange overordna språkpolitiske og språkfagege spørsmål. Rådsordførar og administrasjon legg vekt på å fremje saker for rådet der medlemene kan bruke av eigne kunnskapar og røynsler, og som kan vere relevante og givande også for stiftarane.

Berre i 2015 har rådet drøfta mellom anna desse sakene:

- Årsmelding og rekneskap 2014
- Språksamlingane og Norsk Ordbok
- Språk- og litteraturfaglege perspektiv på Vinje-senteret
- Visjon og strategi 2016–2019
- Diktkammeret.no
- Språkfakta 2015: status for nynorsk skriftkultur
- Kommunevalet 2015 i språkpolitisk perspektiv
- Årets museum 2015: strategi 2015–2018
- Immateriell kulturarv
- Vår strategi for 200-årsjubileet til A.O. Vinje
- Strategi for nynorskforsking



Nynorsk kultursentrum blei skipa i 1993, har 18 fast tilsette, og samla inntekter i 2015 blir på om lag 26 millionar kroner. Stiftinga er gjeldfri med ein fri eigenkapital på 2,8 millionar ved inngangen til 2015, i tillegg til eit vedlikehaldsfond som er under oppbygging. Med vervet som rådsmedlem følgjer ikkje noko personleg økonomisk ansvar for drifta.

## Oppnemning

Kvar stiftar avgjer sjølv kva organ eller instans som gjer oppnemningane. Det einaste kravet frå vår side er at oppnemningsbrev skal vere signerte for hand eller med elektronisk signatur.

Etter vedtektene skal *rådsmedlemer med personlege varamedlemer utnemnast for to år om gongen*. Denne regelen kan ein stiftar berre fråvike ved å utnemne for to toårsperiodar, slik kommunane og fylkeskommunane har valt å gjere. Utnemningar for eitt år er ikkje i samsvar med vedtektene og kan difor ikkje godtakast.

Det må gå fram av oppnemningsvedtaket kva tidsrom utnemninga gjeld for, og tidsrommet følgjer kalenderår.

I møte 26. september 2002 drøfta rådet tidsavgrensing for vervet som rådsmedlem, og gjorde slikt vedtak:

Rådet oppmodar stiftarane til å følgje ein regel om at rådsmedlemer ikkje bør sitje lenger enn åtte år, så sant dei einskilde stiftarane ikkje har eigne regelverk som seier noko anna.

I 2015 har rådet 10 kvinner og 13 menn som medlemer, medan 11 kvinner og 12 menn er varamedlemer. Rådet har ved fleire høve streka under at stiftarane må gjere sitt til å fremje ein god kjønnsbalanse i rådet, og at ikkje alle difor bør utnemne ein mann som fast medlem. Desse oppmodingane har verka, for kjønnsbalansen er no blitt bra.

Det er ein stor fordel for både styre og administrasjon i Nynorsk kultursentrum om rådsmedlemene sit nær det daglege arbeidet eller leiinga i den institusjonen eller organisasjonen dei representerer. Samstundes er det viktig at vedkomande faktisk kan og vil møte. Berre oppnemnd medlem eller varamedlem har høve til å representere institusjonen i den aktuelle perioden, og rådet har bestemt at det blir ikkje gjort unntak frå dette.

## Møteplan

Rådet har til vanleg to møte i året; eitt i mars/april og eitt i slutten av september. I 2016 er møta lagde til 31. mars og 29. september.

Til vanleg har rådet møta sine i Ivar Aasen-tunet, men rådsmøtet i mars 2016 er lagt til Lom. Kvar stiftar dekkjer sjølv kostnadene til reise og opphald, men Nynorsk kultursentrum serverer for eiga rekning lunsj på møta.

## Frist 20. desember

Det er ønskjeleg at oppnemningane er klare innan 20. desember 2015. Dermed vil institusjonen ha fulle rettar i rådet utan avbrot.

## Nødvendig informasjon

I samråd med revisor føreset vi at alle oppnemningar blir melde i vanleg, signert brev eller med elektronisk signatur. Oppnemninga må også innehalde **komplett kontaktinformasjon** om telefon (kontor- og mobiltelefon), postadresse og e-postadresse for både faste medlemer og varamedlemer. Oppnemninga blir ikkje rekna som gyldig før slik informasjon er motteken.

Vi står til teneste med meir informasjon etter behov. Kontakt [admin@asentunet.no](mailto:admin@asentunet.no) eller underskrivne på tlf. 70 04 75 70.

Med venleg helsing  
Nynorsk kultursentrum

Ottar Grepstad (s)  
direktør



Oddny Nupen Aarflot e.f.  
administrasjonssekretær

### **Vedlegg**

Vedtekter for Nynorsk kultursentrum  
Rådsmedlemer og varamedlemer 2015

### **Kopi**

Rådsmedlem og varamedlem for dykkar institusjon

### **Mottakarar av dette brevet**

Det Norske Teatret  
Hordaland fylkeskommune  
Høgskulen i Sogn og Fjordane  
Høgskulen i Volda  
Landssamanslutninga av nynorskkommunar  
Møre folkehøgskule (varamedlem)  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Noregs Mållag  
Noregs Ungdomslag  
NTNU  
Rogaland fylkeskommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Telemark fylkeskommune  
UiT – Noregs arktiske universitet  
Ulvik herad  
Vinje kommune  
Volda kommune  
Ørsta kommune

# Vedtekter

Vedtekne på skipingsmøte 31. august 1993,  
med endringar frå 8. september 1997, 10. mars 1999, 11. mars 2005 og 22. september 2011

## § 1 Føremål

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevingssenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.

## § 2 Grunnfond

Stiftinga skal ha eit grunnfond på minimum 100 000 kroner.

## § 3 Driftsinntekter

Driftsinntektene for stiftinga Nynorsk kultursentrum, medrekna offentleg og privat tilskot, skal gå til å dekkje driftsutgiftene for dei tiltaka stiftinga set i verk og har ansvar for. Overskot skal ikkje betalast ut, men brukast i arbeid for hovudføremålet.

## § 4 Styret

Styret skal leie arbeidet med stiftinga i samsvar med føremålet. Det skal føre tilsyn med forvaltning av økonomi og ressursar og vere hovudansvarleg for å gjennomføre stiftingstiltaka.

Styret har sju medlemmer. Fire medlemmer blir oppnemnde av staten for fire år om gongen, to blir oppnemnde av rådet i høve til § 6 i vedtektene for fire år om gongen, og ein av dei tilsette for to år om gongen. Staten oppnemner to varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje for fire år om gongen. Rådet og dei tilsette oppnemner ein varamedlem kvar, begge for to år om gongen. Ved første gongs oppnemning skal to statsoppnemnde og ein rådsoppnemnd styremedlem med varamedlem oppnemnast for to år. Ingen styremedlem kan sitje meir enn åtte år i samanheng.

Styret er vedtaksført når minst fire styremedlemmer er til stades.

Innan utgangen av mars kvart år skal styret i møte fastsetje årsoppgjeret. I same møte skal leiar og nestleiar veljast for to år om gongen.

Styret skal tilsetje dagleg leiar og utarbeide arbeidsinstruks for denne.

Styret skal kvart år innan utgangen av april sende inn årsoppgjer med revisjonsberetning til Kulturdepartementet.



## § 5 Revisjon

Årsoppgjer skal reviderast av statsautorisert revisor. Revisor blir vald av rådet.

## § 6 Rådet

Rådet skal sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet. Rådet kan vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men kan ikkje gi bindande pålegg til styret.

Rådet har 24 medlemmer med personlege varamedlemmer, alle oppnemnde for to år om gongen med ein representant frå kvar av følgjande institusjonar:

Det Norske Teatret  
Hordaland fylkeskommune  
Høgskulen i Sogn og Fjordane  
Høgskulen i Volda  
Landssamanslutninga av nynorskkommunar  
Litteraturselskapet Det Norske Samlaget  
Møre Folkehøgskule  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Møreforsking Volda  
Noregs Mållag  
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Noregs Ungdomslag  
Rogaland fylkeskommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sunnmøre Museum  
Telemark fylkeskommune  
Ulvik herad  
Universitetet i Bergen  
Universitetet i Oslo  
Universitetet i Tromsø  
Vestmannalaget  
Vinje kommune  
Volda kommune  
Ørsta kommune

Rådet skal ha ein ordførar, som skal innkalle til og leie rådsmøta, og ein varaordførar. Ordførar og varaordførar skal veljast for to år om gongen.

Rådet kan samrøystes vedta at nye institusjonar får rett til kvar å oppnemne ein representant med personleg varamedlem til rådet, dersom institusjonen sluttar seg til føremålet for stiftinga og betaler inn minst 10 000 kroner til grunnfondet. Slikt vedtak om tilslutning frå nye institusjonar er ikkje ei formell vedtektsendring i høve til § 7.

Rådet skal oppnemne to styremedlemmer med ein varamedlem og velje revisor for stiftinga.

Rådet skal ha minst eitt møte i året, til drøfting av årsoppgjer og drifta av stiftinga. Rådet er vedtaksført når eit fleirtal av medlemene er til stades. Styret kan vere til stades på rådsmøta. Stiftinga Nynorsk kultursentrum stiller sekretær til rådvelde for rådet.

### § 7 Vedtektsendringar

Styret kan vedta endringar i vedtektene med 5/7 fleirtal. Framlegg om vedtektsendringar må gå fram av innkallinga til møtet. Før endringar av vedtektene blir vedtatt skal framlegg drøftast i rådet. Vedtektsendringar er bindande frå det tidspunktet dei er godkjende av Kulturdepartementet.

### § 8 Opplysning

Styret kan vedta å oppløyse stiftinga med 5/7 fleirtal. Oppløysingsvedtak er berre gyldig dersom rådet har slutta seg til oppløysingsvedtaket med 3/4 fleirtal. Framlegg om oppløysing må gå fram av møteinnkalling. Dersom stiftinga blir oppløyst, skal alle aktiva overførast til eit fond som skal nyttast til å fremje arbeidet for nynorsk skriftkultur.

### § 9 Avhending av eigedom

Den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tileigne seg gjenstanden.